

Problemet handvåpen

Sverre Lodgaard

Ei rekke regjeringar og ikkje-statlege organisasjonar har lenge peikt på dei problema som knyter seg til den store mengda handvåpen i verda. Ein reknar med at minst ein halv million menneske årleg blir drepne med handvåpen. Mot denne bakgrunnen blei det i juli 2001 halde ein FN-konferanse om illegal handel med handvåpen. Konferansen – den første i sitt slag – vurderte tiltak for å avgrense denne trafikken. Mellom spørsmåla som blei tatt opp før og under konferansen var:

- Kor omfattande er handelen med handvåpen?
- Kven sel, kven kjøper og kven formidlar våpna?
- Kva for skadeverknader har dei mange handvåpna?
- Har problemet vakse?
- Kva kan bli gjort for å avgrense handelen?

KOR STORT PROBLEM?

Ein enkel definisjon på handvåpen er «alle våpen som kan berast og brukast av maksimum to personar». Det er lette våpen som krev lite vedlikehald. Dei er enkle å bruke, og dei er varige. Typiske eksempel er revolverar, rifler, maskingevær, granatkastarar,

berbart anti-luftskyts, anti-tankkrakettar, morterar med kaliber under 100 millimeter og ammunisjon til dei. I heile verda finst det minst **550 millionar handvåpen**, og da er ikkje illegale våpen blant sivile inkluderte. Om lag 226 millionar finn vi mellom nasjonale væpna styrkar, og 305 millionar er i lovleg sivilt eige. Politistyrkane rundt om i verda har bare 3,3 prosent – 18 millionar.

Informasjon om privateigde våpen i Kina, India og Pakistan er ikkje å få tak i. Viss desse og alle våpen i illegalt eige blir inkludert, blir totalen visseleg titals og kan hende hundretals millionar større.

Minst ein halv million menneske blir drepne med handvåpen kvart år. Det skjer i mange ulike samanhengar: I borgarkrigar og i mellomstatlege krigar, i bandekampar og kriminelle oppgjør, i statlege terroraksjonar, i form av mord og sjølv mord og meir eller mindre tilfeldige valdshandlingar. Lenge blei sivile tap sett på som **tilleggs kostnader** ved militære operasjonar. Men det siste tiåret har sivile vore sjølve **målet** i mange krigar og kamphandlingar. Råskapen er blitt verre. Tryggleik er ikkje lenger bare eit spørsmål om tryggleik for **statar**, men

Eit problem med mange sider

Handvåpen er lette å få tak i, lette å bruke og transportere og lette å skjule. Spreiing av dei forverrar konflikter, gir opphav til flyktningstraumar, underminerer lov og rett og fremmar ein kultur av vald og urett. Dette er ikkje bare eit spørsmål om nedrusting. Det er også eit spørsmål om utvikling, demokrati, menneskerettar og tryggleik for den enkelte.


Kjelde: FNs generalsekretær

Godt over 1000 menneske blir tatt av dage kvar dag med handvåpen, langt dei fleste er kvinner og barn. *Small Arms Survey 2001*

Øydelegging av handvåpen, Peshawar (Pakistan). Tru kva slag kanalar desse våpna har passert gjennom?
Foto: Scanpix



Problemet handvåpen



Dei største eksportørane av handvåpen:

- USA (98): meir enn 1200 mill. dollar
- Tyskland (99): 384 mill. dollar
- Brasil (99): 100–150 mill. dollar
- Russland (99): 100–150 mill. dollar

Du arbeider i eit departement som skal vurdere søknad om eksportlisens for sal av handvåpen til eit land der det er stor fare for bruk av barnesoldatar. Kva bestemmer du?

AK-47 Kalashnikov

AK-47 er ei rifle som er kalla opp etter designeren, Michail Kalashnikov. Han begynte arbeidet med den i 1941, men den blei ikkje sett i masseproduksjon før 1947. AK-47 blei etter kvart eit samleomgrep for mange våpenvariantar av Kalashnikov-typen. Opp gjennom åra er det produsert kopiar og avleiingar i minst 19 andre land, og rifla blir fortsatt produsert i Bulgaria, Kina og Romania. Våpen i AK-familien er del av soldatutrustninga i meir

enn 80 land. Dei russiske militære styrkene har 10 slag av den. I dag er det bortimot 100 millionar AK-våpen i sirkulasjon.

AK-47 har bare 9 rørlege delar og veg bare 4,5 kilo. Derfor kan sjølv barnesoldatar handsame den. Kalashnikov konstruerte den som eit bidrag til forsvaret av fedrelandet (Sovjetsamveldet). Han lever framleis, men er desillusjonert og skuffa over den øydeleggjande måten våpnet blir brukt på i mange delar av verda.

også om tryggleik for **individ**.

Dei mange handvåpena og dei øydeleggjingane som er forbundne med dei, har gjort at handvåpen av og til blir omtala som vår tids masseøydeleggingsvåpen. Da blandar

ein korta. Omgrepet masseøydeleggingsvåpen bør vi bruke bare for biologiske, kjemiske og kjernefysiske våpen – våpen som **enkeltvis** fører til enorm øydelegging. Kjernevåpena står i ein særklasse i så måte. Som kjent kan eitt slikt våpen aleine utsette ein stor by.

KJØP OG SAL

Rundt 600 verksemder i 95 land produserer handvåpen. Meir enn halvparten av dei er i USA, der heimemarknaden er stor. I tillegg til dei militære kjøpa er det like mange våpen i privat eige som det er innbyggjarar i dette landet (275 millionar). Andre store produsentar er Kina og Russland. Blant dei mellomstore produsentane er Brasil, Sør-Afrika og om lag 20 europeiske land.

Talet på produsentar har **auka** i dei seinare åra. Men det betyr ikkje at industrien totalt har vakse. Tvert om er det forhold som tyder på at omfanget har gått ned, målt både i verdi og i volum. Under den kalde krigen gjekk produksjonen stort sett føre seg i statleg regi. Som ein følge av restrukturering og privatisering rundt om i verda skjer den no i aukande grad i **privat sektor**. Dette gjør det

vanskelegare å kontrollere produksjon og omsetning av våpena.

Nedbygginga av militære styrker i aust og vest etter den kalde krigen gjorde den internasjonale våpenmarknaden til kjøpars marknad. Store overskottslager blei lagde ut for sal. Dette gjaldt særleg våpen frå Russland og austuropeiske land der valutamangelen var akutt og kontrollen dårleg, bl.a. som følge av omlegginga frå statleg til privat eige. Kontrollen med militære lager blei også dårlegare, og forringa gjennom mafiaverksemd og korrupsjon. Våpenmeklarar i Vest-Europa har det siste tiåret engasjert seg sterkt i omsetning av billige våpen frå austlege land og ordna transport, særleg flytransport, til krigførande statlege og ikkje-statlege styrker i fattige land. Meklarane hjelper også med å overføre våpen frå eitt konfliktområde til det neste. Når noen krigar sluttar, og andre begynner, følger våpena etter.

I 2000 blei det utkjempa 25 større væpna konflikter i 23 land. Store mengder med våpen har funne vegen til desse områda. I utgangspunktet gjeld det som regel våpen som er produserte på lovleg måte, men som ofte finn vegen til **den grå og svarte marknaden**. Den illegale, **grå** marknaden består av transaksjonar der aktørar utnyttar smutthol i lovverket eller finn vegar utanom nasjonale og internasjonale lover og reglar. Den illegale, **svarte** marknaden består av transaksjonar som er i strid med lovverket og som finn stad utan tillating eller kontroll frå berørte regjeringar.

Den lovlege våpenhandelen utgjør 4–6 milliardar dollar per år, mens den illegale etter alt å dømme utgjør mindre enn 1 milliard dollar. Den lovlege utgjør kan hende 80–90 prosent av totalen. Tala er imidlertid usikre. Andre sett den lovlege handelen til bare 50–60 prosent av totalen.

SKADEVERKNADER

Her må vi skilje mellom direkte og indirekte

Kva for eit ideal?

Glorifiseringa av skytevåpen formidlar ein frykteleg budskap til barn – om at ikkje-valdelege løysingar ikkje fungerer og er urealistiske, og at makt er noe ein får ikkje ved å vere dyktig eller klok, men ved å skade andre. At bruk av handvåpena krev minimal opplæring og at dei er lette, har heilt klart spelt ei rolle for at verda har om lag 300 000 barnesoldatar. *Kilde: FN*

Problemet handvåpen



skadeverknader. Dei **direkte** verk-
nadene er i første
rekke knytte til
dei meir enn 500
000 menneska
som kvart år blir
tatt av dage med
handvåpen. 300
000 dør i væpna

konfliktar. Resten dør som følge av mord og
sjølv mord. I tillegg kjem alle som blir påført
skade. Kor mange milliardar kostar ikkje
dette direkte? Og kva kunne ikkje desse
pengane ha blitt brukt til på andre område?

Dei indirekte kostnadene er minst like al-
vorlege. Rikeleg tilgang på våpen inviterer
til valdelege løysingar på problem.

Handvåpen-problemet har to ansikt: **Krig og
kriminalitet**. Det eine har ein tendens til å
følge etter det andre: Det er noe nær ei lov at
når krigar sluttar, kjem det bølger av krimi-
nalitet i kjølvatnet. For da er det store meng-
der våpen på vidvanke. Og fryktar ein for liv
og eigedom, investerer ein ikkje i framtida.
Da ligg det heller ikkje til rette for utan-
landsinvesteringar og utviklingshjelp.
Dermed blir det dårlege utsikter til økono-
misk utvikling.

Tre eksempel frå tre forskjellige verdsde-
lar illustrerer skadeverknadene:

Ifølge UNICEF (FNs barnefond) er over 200
000 menneske blitt drept i **Burundi** sidan
1993. Som ein følge av drepne og forviste
familiemedlemmer er 110 000 barn ute av
stand til å gå på skole. Det manglar elles
3000 lærarar i det som svarer til vår grunn-
skole og vidaregåande skole. Valden har ført
til lågare inntekter, redusert forbruk og min-
dre etterspørsel etter varer og tenester. Kort
sagt ein økonomi i forfall.

I **El Salvador**, der valdeleg kriminalitet
har blomstra etter at borgarkrigen opphørte,
blei det i 1998 brukt 800 millionar dollar på
politi, rettsvesen og legehjelp. Dette tilsvarte
13 prosent av nasjonalproduktet. Den inter-
amerikanske utviklingsbanken reknar med at
denne kriminaliteten direkte og indirekte
kostar 140–170 milliardar dollar per år bare
i Latin-Amerika. Kor godt kunne ikkje desse
pengane ha komme med i kampen mot fat-
tigdommen?

I **Sri Lanka** auka militærutgiftene frå 3,8
prosent av nasjonalproduktet i 1985 til 6,5
prosent i 1996. Verdsbanken har komme
fram til at i perioden 1984–1996 kosta kri-
gen 1,18 milliardar dollar. Likevel voks Sri
Lankas økonomi med gjennomsnittleg 4,5

prosent per år i desse åra. Hadde det ikkje
vore for krigen, kunne veksten kanskje ha
komme opp i 9 prosent per år. Også denne
krigen blir for det meste ført med handvå-
pen.

PROBLEM UTE AV KONTROLL?

Det er mange handvåpen spreidd utover i be-
folkninga også i vestlege land som Norge og
Sveits. Men her representerer dei ikkje noe
større problem. Kulturen og stabiliteten gjør
at våpen for jakt, sport og heimevern sjeldan
kjem på avvegar, og sjeldan blir brukt til an-
dre føremål enn dei er tenkt til. I USA er det
ikkje så enkelt. Her skjer det 30 000 mord
og sjølv mord med handvåpen årleg. Men
problema ligg i hovudsak i fattige, ustabile
og konfliktfylte område, der våpna finst i så
store mengder at det ofte er uråd å handsame
problemet.

Som nemnt blir det produsert færre hand-
våpen enn for noen år sidan. Overskottslagra
etter den kalde krigen er dels lagde ut for sal
i marknaden allereie, dels er dei komne un-
der betre kontroll. Eit problem er det likevel
at det er blitt så mange fleire aktørar i mark-
naden. Der det før var statar som rådde, er
det no også ei rekke private selskap, ikkje
bare i form av private våpenprodusentar og
frittstående meklarar: Sjølv det å ta vare på
tryggleiken til innbyggjarane blir i mange
land og regionar **overlate til private
selskap**. Tidlegare var det utelukkande statar
som skulle levere denne tryggleiken.
Dermed smuldrar ansvaret og kontrollen
opp.

Det lykkast å få etablert ein internasjonal
konvensjon mot landminer. Det skjedde ved
felles strev av regjeringar og humanitære or-

Barn og væpna konflikt

«Barn blir utnytta utan omsyn i krigar rundt
om i verda. I 1998 deltok meir enn 300 000
barn under 18 år i 36 væpna konfliktar. I 28
av krigane deltok barn under 15 år.
Barnesoldatar er effektive soldatar fordi dei
er billige i drift og lyder ordre som voksne
soldatar ville ha nekta. Rekrutteringa av bar-
nesoldatar går for seg ved tvang, eller ved å
lokke med fordelar som mat og tryggleik.
Dei fleste er tenåringar, men vi finn også sju-
og åtteåringar i væpna styrker. Utviklinga av
våpenteknologi har også ført til at barn heilt
ned i barnehagealder kan handtere kraftige
handvåpen.»


Kjelde: www.reddbarna.no

Gjør greie for korfor
problemet handvåpen
har komme så sterkt på
den internasjonale
dagsordenen i
dei siste åra.

Kordan ser vi at det går
for seg ei privatisering
av tryggleik i verda?

Problemet handvåpen

Kven har dei kjende handvåpna?



Kva for ein samanheng kan ein finne mellom råmateriale (som diamantar, narkotika, olje, med meir), våpenhandel og konfliktnivå?

Kva kan bli gjort for å avgrense handelen med handvåpen?

Etter den kalde krigen har motivet for å selje handvåpen blitt meir økonomisk og kommersielt, mindre ideologisk.

Sverre Lodgaard er direktør ved Norsk Utenrikspolitisk Institutt.

ganasasjonar. Landminene er imidlertid ein strengt avgrensa kategori. Handvåpna er til samanlikning ei stor og lite einsarta gruppe som det er mye vanskelegare å få bukt med.

Når ein står

overfor eit vanskeleg og samansett problem, duger det ikkje med eitt enkelt tiltak. Da må ein søke kombinasjonar av mange forskjellige verkemiddel, og måle framgangen i **grader**, ikkje i fullkomne løysingar.

Sluttdokumentet frå FN-konferansen har 86 paragrafar som omtaler ei lang rekke tiltak statane er blitt bedne om å setje i verk.

Dokumentet er likevel svakt, for tiltaka bind ikkje partane – statane. Det er overlate til statane sjølve å følge opp.

MULIGE TILTAK

Konferansen tilrår tiltak på **nasjonalt, regionalt** og **globalt** nivå. Blant dei nasjonale tiltaka er **merking** av våpen som del av produksjonsprosessen. Slik blir det mulig å etterspore kvar våpna kjem frå. Merking er utbreidd i dag også, men det er behov for ein meir einsarta praksis som gir betre informasjon. Statane blir dessutan bedne om å skjerpe eksportkontrollen og å vere påpasselege med å hente inn såkalla sluttbrukarsertifikat, som fortel kvar og til kva våpna er tenkt brukte.

Blant dei regionale tiltaka tilrådde konferansen **tidsavgrensa forbod** – moratorium – på innkjøp av handvåpen. Den vestafrikanske samarbeidsorganisasjonen ECOWAS vedtok hausten 1998 eit treårig forbod mot all import, eksport og produksjon av handvåpen. Det var eit framsteg, sjølv om forbodet har vore dårleg etterlevd. Vidare ber konferansen om større openheit kring våpentransaksjonar.

Generelt blir statane – mellom anna tollstyresmaktene og politi (Interpol) – oppmoda til å samarbeide for å identifisere individ og grupper som driv illegal handel med handvåpen. Konferansen ber også om forsterka innsats for avrusting, demobilisering og reintegrering av soldatar når krigar tar slutt og land skal gjenoppbyggast.

Det sivile samfunn

I seinare år har kampanjar mot landminar, for gjeldslette og for etablering av ein internasjonal straffedomstol demonstrert ein uvanleg stor kapasitet mellom vanlege folk til å slutte rekkene for ei sak og grunnleggjande endre statanes politikk. Visseleg fortener den ulovlege handelen med handvåpen ei tilsvarende merksemd.

Kjelde: FNwww.un.org/News/Press/docs/2001/sgsm7902.doc.htm

Frå norsk og mange andre land si side er det aukande interesse for å bruke bistandspengar på dette området, i ein **samla innsats** for utvikling og tryggleik. Utan tryggleik, inga utvikling: Argumentet er derfor at ein del av bistanden bør brukast til å forbetre politi, retts- og fengselsvesen i mottakarlanda og på den måten skape tryggare omgivnader for utvikling. Da blir det også lettare å samle inn illegale våpen. Og da får investeringar og utviklingsprosjekt betre kår. Slik kan bistanden få ein politisk merverdi i tillegg til utviklingsverdien.

FN-konferansen ga måtelege resultat. Men den var ein start. Om fem år – i 2006 – skal det haldast ein ny konferanse for å føre arbeidet vidare. I mellomtida går arbeidet vidare på nasjonalt og regionalt nivå.

Kven er dei, våpenagentane?

«Meir enn noen gong spelar våpenformidlarrar ei rolle i dei breiare nettverka som held ved like og forsterkar konflikttar... For å kunne få tak i våpen går opprørarar og andre ikkje-statlege aktørar inn i forretningar med råvarehandlarar for å kunne utnytte og handle med viktige råvarer. ... Våpenhandlarane organiserer nødvendige kontaktar utanlands for å marknedsføre varene eller for å etablere forsyningslinjer for våpen, ammunisjon, medisiner, uniformar med mer til dei som fører krig. Ved å knyte den internasjonale marknaden saman med dei krigførande får handlarane ei tosidig rolle i det som blir kalla globaliseringa av krigsøkonomien».

Kven er så desse mellommennene? Dei sett opp og organiserer kjøp og sal (oftast utan sjølv å selje eller kjøpe våpna). Dei er usynlege, opererer ofte frå såkalla skatteparadis med slappe skattereglar, og dei er gjerne «uavhengige» i forhold til verdas konflikttar. Med god våpenkunnskap gir dei råd om våpen og organiserer transport.

Kjelde: *Small Arms Survey 2001*

Alle arbeidsoppgåver og nettadresser: www.nupi.no/pubfelles/hhd/arb.html